



**OL-FLOKE:** Au! utbryt Hans-Inge Klette. Helene Klette og resten av tandemskilaget tek seg visse fridomar under vendinga ved erteposebøtta. Under sjølve fakkelfstafett-leikane går det, vonleg, smertefritt for seg.

**OL-BYGDA:** Brede Arnøy (over) tende elden som skulle brenna heile vegen fram til OL på Lillehammer i 94. Voss var den einaste staden i landet som fekk ein slik OL-flamme.

**SAMAN FOR OL:** Ordførar Ragnhild Skjerveggen og fjernsynsmann Arne Hjeltnes fann kvarandre under fakkelfstafetten på Vangen.

# Olympiske leikar i OL-bygda

22 år og ein god månad etter at han forlet OL-bygda, kjem den olympiske elden attende til Voss. Måndag morgon om vel ei veke står 500 elevar og lærarar og tek imot han på Prestegardslandet.

– Me gler oss, dette vert moro, seier Helene Klette og Lasse Virkesdal.

Dei skal vera aktivistar saman med resten av toppidrettslinja ved Voss gymnas, eller gledesspreiarar som dei heiter denne dagen på Prestegardslandet.

Det vert tautrekking og hoppetautevling, fanging av flagg og tandemlangrenn med erteposekastning. Elevar på ungdomsskulen har laga tandemski, frå Rogne kjem kokkeelevar og skal grilla, hestelinja på jordbruksskulen stiller, medan mediaelevar frå husflidsskulen skal fotografera det heile. Det vert også ei fototevling på instragram der alle kan delta.

**FYRST KJEM ELDEN** med hest og kjerre ned alléen – frå Athen via Stryn. Så vert han ført vidare av eldsjeler og utøvarar i tre etappar bort på friluftscena der Jan Åge Fjørtoft står og tek imot. Mesternes mester-aktuelle Fjørtoft er konferansier for dagen. Frå scena vert det underhaldning med rapduoen Kløver og Skarre R og Just Dance med Coca cola – dans med instruksjonar frå storskjerm.

Etterpå vert det samspelføredrag i idrettshallen. Om veret skulle stritta heilt imot, vert heile arrangementet flytta dit.

**FOR 22 ÅR SIDAN** var det Jon Istad som fekk det ærefulle oppdraget med å tenna

storfakkelen med OL-elden på Holbergsplass. Verdsmeisteren i skiskyting som viste veg for det olympiske vossaeventyret som skulle koma.

– Det var ein stor augneblink. Eg var nervøs på førehand, men då eg kom opp på scena roa det seg, nett slik som det plar i harde konkurransar, uttalte han etter seremonien, tydeleg rørt over å ha fått oppdraget.

Fakkelen kom den gong frå Dale, der journalist Harald Stanghelle hadde siste-etappen, oppover langs Vangsvatnet. På Vangen vart OL-elden møtt av eit folkelag.

– Det var berre ei smal gate å springa i, så dette var som å springa i eit stort meisterskap, sa ordførar Ragnhild Skjerveggen, då ho veksle med fjernsynspersonlegdom Arne Hjeltnes. Dei framførte fekk vera vitne til fleire historiske veksingar.

**JØRGEN ROKNE** sprang sjarmøretappen etter å ha fått fakkelen hjå OL-president Arne Myhrvold. Rokne, som er slektning av Knute Rockne, hadde attpåil det amerikanske fjernsynsselskapet CBS på slep. Alf Kvalfoss, far til Eirik, fekk fakkelen hjå far til Kristen, Peter Skjeldal, før elden enda opp hjå Jon Istad.

Under kveikinga fekk Voss sin fyrste OL-deltakar Alf Opheim æra av å nøra opp under OL-elden med vossaelde.

– Der ser de – det vart noko heilt anna med ei gong! kommenterte herold (speaker) Inge Skulstad.

Vidare vart det kulturkveld med showet «Frå lausdans til freestyle» med nemnde Skulstad og Ingvild Bryn som konferansierar. Der imponerte lausdansar Knut Blikberg OL-president Arne Myhrvold før folket tok kvelden.

Men det gjorde ikkje OL-elden. Heile natta sat Arnkjell Sørestrand og vakta over han.



**FRÅ ATHEN TIL VOSS:** Lasse Virkesdal fekk æra av å springa sjarmøretappen under generalprøven. Helene Klette held ikkje attende på entusiasmen. – Kjekt, synest Lasse og Helene, som gler seg til den ekte eldprøven. Lillehamringen Ola Søybe tok imot flammen på vegner av Lillehammer 2016 under seremonien i desember ved historiske Panathenaic Stadium i Athen, arenaen for dei fyrste moderne olympiske leikar i 1896.

**MORGONEN ETTER** gjekk fakkelfstafetten vidare austover mot Gol, via Gudvangen og Flåm. Men fyrst vart det ein pit stop i Rokneparken. Der det var sett opp ein fakkell, den einaste i landet, som skulle brenna heile vegen fram til OL. Her fekk Brede Arnøy sin store augneblink.

– Ei heilt spesiell kjensle, sa han frå rullestolen etter å ha tent elden.

Arnøy var eit stortalent i alpint og ein habil fotballspelar. Ei trafikkulukke gjorde han lam frå livet, men han var stadig å sjå i alpinbakken seinare på sitjeski med skimeier.

Men ingen eld utan støy. Berre dagar etter at Arnøy hadde tent håpet si flamme, hamna OL-flammen på ordføraren sitt bord. Kven skulle betala kostnaden for gassutsleppet døgeret rundt. Propanleverandøren med namnelogoen sin på fakkelen ville ikkje betala for heile gildet. Til slutt enda det opp med nattesstenging av logen.

**DENNE VEKA** var det generalprøve på leikane på Prestegardslandet. Martin Uthaug og Mette Rivalsrud frå Horda-

land idrettskrets var på plass for å læra opp aktivtørane.

– Klar, ferdig, gå!

Laga på tandemski aksellerer ut frå scenekanten på friluftsscena. Laget til Helene Klette får ein god start, men ved rundinga av bøtta med erterposar vart det kluss i vekslinga.

– Au! utbryt Hans Inge Klette når han får skia med fem topptrinte jenter på stortåa.

– Dette må jo vera klar disking!

Ingen vert diska, men etter litt diskusjon finn dei ut at tandemskia må få twin tip. Her vert leikane til undervegs, og alle har eit ord med i laget.

**HELENE KLETTE** er langrennsløpar, og med Marit Bjørgen i mammapermisjon har Ingvild Flugstad Østberg teke over som førebilete.

– Ho er så allsidig.

For skiskytar Lasse Virkesdal er dei gamle framleis eldst.

– Ole Einar Bjørndalen. Definitivt!

Men når me kjem inn på aktuelle deltakarar i ungdoms-OL, vert dei svar skuldig. Kanskje ikkje så rart. Når lista over

## FAKTA | UNGSDOMS-OL 2016

- Dei fjerde Youth Olympic Games (YOG) går av stabelen 12.-21. februar på Lillehammer, Hamar, Gjøvik, Øyer og i Oslo.
- 1100 idrettsutøvarar i alderen 15 til 18 år frå 70 nasjonar skal konkurrera i 70 øvingar i dei 15 olympiske vinterdisiplinane, 73 norske utøvarar frå 12 fylke
- Opningsseremonien 12. februar er på dagen 22 år etter opninga av Lillehammer-OL i 1994
- Prislapp: 328 millionar

deltakarar vert offentleggjort seinare på dagen, er ingen frå OL-bygda Voss på startstreken. Av 73 norske utøvarar finn du heller ingen frå Vestlandet, unntaket er ishockeyspelarar frå Rogaland. Som påskjøning får elevane ved idrettslinja ei treningsøkt med OL-grossisten Kjetil Andre Aamodt.

– Det vert høgdepunktet, smiler Lasse Virkesdal.

**OM KVLEDEN** er Aamodt mellom føredragshaldarane på kveldsseminaret i Voss kulturhus. Her kan alle idrettsinteresserte melda seg på.

Ung eldsjel Sara Stokken Rott opnar seminaret før YOG-dansen vert framført. Det vert føredrag om verdas beste ressurs, nemleg foreldra, medan eldsjel og Mesternes mester-vinnar Marco Elsefadi er sistemann ut.

Så er det er tid for ta farvel med fakkelen for denne gongen, og senda han vidare til Stavanger.

Men kanskje kjem OL-elden attende til OL-bygda om 22 år? Og kanskje adoptivdottera til prinsesse Ingrid Alexandra får oppdraget med å tenna flammen på Prestegardslandet under opningsseremonien? Time – and snow – will show.

VIDAR HERRE | tekst og foto  
vh@avisa-hordaland.no

*Sjå fleire foto frå OL-elden på Voss på våre nettsider*